

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/15	Formannskapet	PS	11.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Magne Verpelstad	14/4263

Høyringsuttale angående framlegg om statleggjering av kommunal skatteoppkrevjar

«Osterøy kommune tilrår at framlegget til statleggjering av skatteoppkrevjaren, ikkje vert gjennomført. Osterøy kommune meiner at løysinga i dag gjev gode resultat og er ei effektiv organisering. «

Formannskapet - 006/15

FS - behandling:
AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

«Osterøy kommune tilrår at framlegget til statleggjering av skatteoppkrevjaren, ikkje vert gjennomført. Osterøy kommune meiner at løysinga i dag gjev gode resultat og er ei effektiv organisering. «

Saksopplysningar:
Bakgrunn

Forslaget om statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen har vore oppe som sak ved fleire høve, men har aldri fått fleirtal i Stortinget, no vert det gjort eit nytt forsøk. Me viser til høyringsbrev frå Finansdepartementet med uttalefrist 02. mars 2015.

Vurdering

Skatteoppkrevjarfunksjonen er viktig for lokal økonomistyring. I Nordhordland har ein gått saman om eit felles skatteoppkrevjarkontor for å skape eit større fagmiljø og auke kompetanse med mål om effektiv skatteoppkrevjing. Me meiner at den kommunale/interkommunale løysinga er den beste, då den gir svært gode resultat og

framstår som ein effektiv organisering. Statlegging, i tråd med den svært stramme skisserte tidsramma, medfører risiko for proveny tap, reduksjon av kompetanse i kommunane og eit uheldig personalløp med fare for tap av nøkkelpersonell. Me vil òg peike på at spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er naturleg å handsama i kommunereformarbeidet som er i full gang over heile landet.

Dagens organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen har ei løysningsgrad som ligger heilt i verdstoppen.

Lokal kunnskap og kjennskap til skattesubjekta er viktig i kampen mot svart økonomi. Kommunal og interkommunal kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom funksjonen vert statleggjort og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjekta auke i vesentleg grad. Mange kommunar vil ikkje ha nokon kontrollinstans i det heile. Me ser auka avstand som ein betydeleg risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Forslaget om statlegging kjem midt i kommunereforma. Eit uttalt mål i kommunereforma er å *«flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner»*. Regjeringa sier den vil *«vise mer tillit til lokalpolitikere og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.»* Å statleggjere skatteoppkrevjaren er i strid med dei uttalte måla for kommunereforma.

Stortinget ga si tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningslinjer for oppgåvefordeling mellom stat og kommunar. Departementet trekkjer særleg frem punkt 3, som eit argument for statlegging: *«oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar»*. Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsfordelingen som skal vurderes i kommunereforma.

Fleire av dei andre prinsippa, for eksempel punkt 1: *«Oppgaver bør legges på lavest mulige effektive nivå.»* trekkjer imidlertid i den andre retninga og talar for fortsatt kommunal organisering. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjaren sine oppgåver som tilseier at dei, etter nemnde retningslinjer, fell utanfor dei områda som skal handsamast i kommunereforma. Forskotsordninga spesielt og skatteinnskrevjinga generelt er og bør vere påverka av lokale- og lokalpolitiske forhold. Etter vårt syn er organiseringa av skatteoppkrevjaren ein naturleg del av den totale gjennomgangen av den samla oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommunar i kommunereforma. Me meiner difor det er uheldig å forsere ei avgjerd om dette no og tilrår at spørsmålet vert teke opp i ei samla handsaming i kommunereforma.

Konklusjon

Osterøy kommune rår i frå statlegging av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Me meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Forslaget medfører ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er meir naturleg å handsama i den komande kommunereforma.